



# Harpefossen

## Harpefossen til Fossane

5 (9) km

Tur nr. 4

[www.harpefossen.no/turar](http://www.harpefossen.no/turar)



2 (3) t

Lett tur til Fossane som ligg over Nordfjordeid sentrum. Du passerar idylliske setermiljø, frodige dalar og høgfjellsterreng.

### Stikryss

Harpefossen / Tippabrua – Tippasetra – Nakkesetra – Resenden – Heia – Botnareset – Tippaskaret – Mosehogen – Fossevatnet (– Vårsetra – Myklebuståsen – Eid sentrum)

### Turbeskriving

Frå parkeringsplassen ved Tippabrua (240 moh) på Harpefossen (Varmestova) går turen på grusveg 1,0 km til Nakkestra. Her tek ein av rett sør opp til toppen av setra og vidare oppover på tydeleg sti 1,4 km til Heia. Her tek ein av sørover på utydeleg sti relativt flatt 1,0 km innover dalen til Botnareset (590 moh) kor ein kjem inn på ein tydeligare sti som fører 0,7 km opp til Tippaskaret (740 moh). I den frodige Tippadalen beiter både storfe og sauer, og på seinsommaren finn ein mykje blåbær innover dalen langs den merka løypa.

Frå Tippaskaret fortsett ein rett fram til stikrysset Mosehogen (0,5 km) kor ein tek til venstre ned mot Fossevatnet (0,7 km). Stien passerar vatnet på vestesida og fortsett til demninga kor merkinga endar. Men herifrå er det enkelt å følgje skogbilvegen ned til toppen av Myklebusåsen (3,5 km), evt. Prestemarka (3,7 km) (ta evt. til høgre i stikryss på Vårsetra). På veg ned passerar ein Fossesetra og Vårsetra. Frå Tippadalen og ned forbi Fossane er det god utsikt til store delar av Eidsdalen.

Turen passer for alle som er i noelunde god form.

